



Saksbehandler: Anne-Grete Larsen

Saksdokumenter:

Brev fra Norges KFUK/M om "Riv Muren"-kampanjen" (*vedlagt*)

Om plattformen til den norske Riv Muren-kampanjen (*vedlagt*)

Framlegg til fråsegn (*vedlagt*)

## "Riv Muren"-kampanjen"

### Sammendrag

Mellomkirkelig råd har ved flere anledninger uttalt at all terror mot sivile må opphøre i konflikten mellom Israel og palestinerne, og at okkupasjonen av Vestbredden og Gaza må opphøre. Derfor er også byggingen av muren langt inne på palestinsk område sterkt kritikkverdig. Den lutherske kirka i Jordan og Palestina har, sammen med andre kirker i området, uttrykt at de tror muren heller vil forverre enn forbedre Israels sikkerhet. Dessuten skaper den i seg selv konflikt, og representerer brudd på menneskerettighetene ettersom mange mister eiendom og mulighet til å leve et normalt liv og dyrke jorda si.

Mellomkirkelig råd kan benytte denne anledningen til å utfordre norske politikere til å tale klart mot byggingen av muren slik det nå foregår, og til å utfordre alle kirker i Norge til å ta stilling til de brudd på menneskerettighetene som byggingen av muren innebærer. Forslag til vedtak:

### Forslag til vedtak:

Mellomkirkelig råd takker for henvendelsen fra Norges KFUK-KFUM. Mellomkirkelig råd har også et engasjement i Israel/Palestina-konflikten for fred med rettferdighet for alle parter i konflikten, og setter pris på at Norges KFUK-KFUM spiller en aktiv rolle i pådriverarbeidet for å rive muren. Rådet vedtar vedlagte uttalelse som sitt syn på saken, og oppfordrer Norges kristne råd til å uttale seg om saken.



MKR 2004

Til  
Mellomkirkelig Råd for den norske kirke  
Postboks 5913 Majorstua  
0308 Oslo.

Oslo, 03.02.2004

**Norges KFUK-KFUM har sluttet seg til den internasjonale "Riv Muren" kampanjen.**

I de palestinske områdene bygger Israel i dag den såkalte "sikkerhetsmuren". Muren skiller folk fra folk, frarøver tusenvis av palestinere land- og vannressurser og svekker menneskers livskvalitet ved at skoler og sykehus blir utilgjengelige og arbeidsplasser ødelegges. Denne utbyggingen bryter menneskerettighetskonvensjonen og folkeretten. Muren skaper dessuten mer sinne og hat i en fastlåst konflikt.

Som en reaksjon mot disse overgrepene har det palestinske sivile samfunn organisert en internasjonal kampanje mot muren som vi her i Norge slutter oss til: "Riv muren – Stop the Wall". De krav som fremmes gjennom kampanjen er følgende:

- at utbyggingen av muren stoppes
- at muren rives
- at konfiskert land gis tilbake
- at tap kompenseres for

Kirkens Nødhjelp, Oslo Bispedømmeråd og Norges KFUK-KFUM har sluttet seg til kampanjen.

For mer informasjon se:

<http://www.stopthewall.org>.  
<http://www.palestina.no/fup/>

Som kristne og som del av et verdensomspennende trosfellesskap for fred stiller vi oss bak "riv muren"-kampanjen, og oppfordrer andre kirkelige nettverk og organisasjoner om å gjøre det samme.

Med vennlig hilsen

Helga Haugland Byfuglien  
Generalsekretær  
Norges KFUK-KFUM

Eilert Rostrup  
daglig leder  
Delta Internasjonalt KFUK-KFUM

## **Plattformen til den norske Riv Muren-kampanjen:**

- 1. Muren/gjerdet strider imot Menneskerettighetskonvensjonen og Folkeretten**
- 2. Riv Muren-kampanjens mål:**
  - a. Byggingen av muren må stanses
  - b. Muren som er allerede bygd må rives ned
  - c. Konfiskert jord må leveres tilbake til sine eiere, og
  - d. Kompensasjon må betales til de som har fått sin jord og sine eiendommer ødelagt eller beslaglagt
- 3. Riv Muren-kampanjen slutter seg til FNs generalforsamling sin resolución fra 21.10.03 som "fordømmer Israels bygging av muren på Vestbredden, fordømmer palestinske selvmordsangrep, angrepet på amerikanere i Gaza samt drap utført av Israel på palestinere i de okkuperte områdene"**
- 4. Riv Muren-kampanjen vil arbeide med fredelige midler og aksjoner for å spre informasjon i det norske samfunnet om murens konsekvenser for de berørte**
- 5. Riv Muren-kampanjen vil arbeide for at Norge skal bli en pådriver for å rive muren**
- 6. Riv Muren-kampanjen har nær kontakt med palestinske, israelske og internasjonale nettverk som arbeider mot muren.**

### **Tilsluttede org. per 1.1.04:**

AUF, Fagforbundet, Fellesutvalget for Palestina, FO, Internasjonale Sosialister, Kirkens Nødhjelp, Kristiansand SV, LO, Norges Fredsråd, Norsk Folkehjelp, Oslo Bispedømmeråd, Oslo Bygningsarbeiderforening, Oslo Byforum, Oslo Fylkeslag av Human-Etisk Forbund, Ungdom for Fritt Palestina, Utdanningsforbundet, Sosiale Institusjonsers Fagforening avd. 701 av Fagforbundet, Snekrene og tømrernes fagforening, SV, RV

---

## Framlegg til fråsegn MKR 16.-17.02.04

”For Han, Kristus, er vår fred, han som gjorde dei to til eitt og reiv ned det gjerdet som skilde, fiendskapen.” (Ef 2,14) Slik skriv jøden Paulus til ikkje-jødar i Efesos. Den kristne kyrkje trur på den Gud som vart menneske i Betlehem for å rive ned fiendskap. Paulus, som sjølv var ein hardliner og ein som sjølv var oppteken av å byggje opp eit skilje mellom jødar og kristne, han oppdaga at Gud sjølv har brote ned fiendskapen mellom Gud og menneske. Og når det er slik, ja, så skal ikkje vi lenger gje plass for fiendskap mellom folk, stammer, kulturar og nasjonar.

I dag står vi saman med kyrkjer i heile verda og vitnar at vi trur på Han som rive ned det gjerdet som heiter fiendskap. Det er fiendskapen som er den største og farlegaste muren. Difor ber vi om at alt som skaper fiendskap, også blir rive ned.

Den muren vi no ser blir bygt av Israel *fortel om fiendskap*. Muren står der som eit taust, men talande vitne om at ein ikkje har overvunne fiendskap med fredelege, politiske middel. Muren blir bygt i redsel. All terrorisme mot sivile skaper redsel. Det trengs ikkje mykje fantasi eller medkjensle for å forstå det. Denne redselen skaper indre og ytre murar. Difor må all terrorisme mot sivile stoppe, både i Israel og i dei palestinske områda. Difor må også grunnane til at nokon grip til terrorisme takast vekk. Difor må alle partar stoppe opp og spørje kva som fører til fred, rettferd og vern om menneskeverdet.

Muren ikkje berre fortel om fiendskap. Muren *skaper sjølv fiendskap*. Han står der ikkje berre som eit hinder for kontakt mellom nokon som kan skape terror og nokon som er redde for terror. Han står der også som eit hinder for kontakt mellom menneske som kan skape fred. Muren blir bygt til dels langt inne på palestinsk grunn. Dette er å slå urett fast, det er å støype urett fast med betong. Okkupasjonen vert bokstavleg tala sementert. Menneske blir frårøva den jorda dei dyrkar, eldgamle olivenhagar vert skore ned, retten til å leve eit normalt liv, til å gå på skule, til naboen, til slektingar, til vene, til butikken der ein høyrer til vert teke frå ein. Det vert ikkje fred utan rettferd. Det vert ikkje fred med overgrep av noko slag. Det er ein stor fare for at Muren – om han vert ståande – vert eit monument om fiendskap, om ufred og urett.

Dei som har politisk makt må bere politisk ansvar for det som skjer. Dei som byggjer muren må rive ned det som står på andre sin grunn. Ein kan byggje gjerde, men ikkje inne i hagen åt naboen. Du skal ikkje trå etter noko som høyrer nesten din til, heiter det i det tiande bodet.

Norske politikarar må ta si oppgåve alvorleg og protestere mot urett og overgrep, høgt, tydeleg og konstant, sjølv om ein føler at ein talar for døve

øyrer. Sjølv døve øyro skal høyre. Den norske regjeringa må tale klart og tydeleg mot den urett bygginga av denne muren inneber, og halde fram at muren er ulovleg, i samsvar med den resolusjonen Noreg stemte for i FN si generalforsamling.

Som kyrkje skal vi - som Paulus - vitne om han som er vår fred. Vi skal vitne om vår tru på at fiendskapen mellom menneske kan rivast ned. Vi oppfordrar alle kyrkjer i vårt land til å tale klart mot all terror mot sivile, å tale klart om fred og rettferd for alle menneske, og å ta stilling til den urett sivile vert utsett for ved bygginga av muren. Når våre medkristne ber oss om å tale høgt om urett og å seie nei til denne muren som skaper fiendskap, kan vi ikke snu oss bort og late som ingen ting. Som kyrkje står vi saman med alle menneske av god vilje og som vil skape fred.

Det er mange som ber om fred for Jerusalem. Måtte Gud gje fred med rettferd for alle menneske i og rundt Jerusalem som treng det – no!